



Det var dessverre ikkje forhold for skirenn i Fjellhaugen i dag.

**Store nedbørmenger førte til at Kvinnheradrennet måtte avlyst og det er ikkje truleg at det vert avvikla ein annan stad men berrre som karusellrenn. Heller ikkje var det mogleg å satsa på ein reservestad på så stutt sikt, seier UIL-leiinga. I samband med avlysinga har vi motteke følgjande melding:**

Det annonserte skirenn i Fjellhaugen i dag som Uskedal IL skulle arrangera i lag med IL Ternen, vart dessverre avlyst på grunn av store mengder med regn og overflatevatn.

Det vart vurdert å lage spor med snøscooter i den øvre delen av Ijosløypa for å kjøra eit karusellrenn, noko ein gjekk vekk ifrå grunna dei dårlige tilhøva.

Vi har dessverre ikkje vore heldige med avviklinga av skirenn så langt i år, men håpar på å finna ein anledning til å kjøra dei avlyste/utsette renna litt seinare.

Om ikkje vi får til noko før, blir Karusellrennet som OIL skal arrangera neste renn. Då blir det skirenn med skibytte ( klassisk-fristil). Vi håpar på betre skitilhøve.

Mvh

**Skigruppa i Uskedalen**

Nett: Ola Matti Mathisen/Thor Inge Døssland

Foto: Knut Johannes Ripel